

Notat

Frå: Fylkesrådmannen

Til: Fylkesutvalet, møte 29.januar 2014

Notat om vidare eigarutøving etter vedtak i fylkestingsak 37/13

Handsaminga av sak 37/13 Eigarmelding 2013 på fylkestinget den 15. oktober 2013, gav følgjande vedtak:

1. Fylkestinget sluttar seg til vurderingane og prinsippa for eigarpolitikk i del I av eigarmeldinga jf.vedlegg 1
2. Fylkestinget sluttar seg til omtalen og vurderinga av dei einskilde selskap og stiftingar i del II av eigarmeldinga (jf. vedlegg 1).
3. Fylkestinget stiller særskilde forventningar til følgjande selskap, jf. del II (jf. vedlegg 1):
 - a. Fjord1 AS: Styret må setje i verk turvande tiltak for å få eit monaleg betre resultat i 2013, jmfør orientering og drøfting i fylkestinget 12.06.13, FT-sak 25/13
 - b. Opplæringsfartøy AS: Styret må arbeide for at drifta vert tilpassa inntektene.
4. Fylkestinget legg følgjande til grunn for dei einskilde selskapa, jf. del II (jf. vedlegg 1):
 - a. Vidareføre eigarskapen:
 Trinselsbagen IKS, VIGO IKS, Fjord1 AS via F1 Holding AS, Firda Billag AS, Firda Produkt AS, Fjord Invest Såkorn AS, Framtidsfylket AS, Gulen og Masfjorden AS, Innovasjon Norge, Kommunekraft AS, Kunnskapsparken Sogn og Fjordane AS, Luna Industri AS, Lutelandet Utvikling AS, Njøs Næringsutvikling AS, Origod AS, Sandane Industri L/L, SFE AS, SF Holding AS, Sogn og Fjordane Teater L/L, Sogneprodukt AS.
 - b. Vidareføre eigarskapen inntil vidare:
 Sogn og Fjordane Revisjon IKS, Botnaneset Industriselskap AS, Opplæringsfartøy AS.
 - c. Fylkeskommunen deltek i strategiprosessen, og eigarskapen held fram inntil vidare:
 AS Norsk Fjordbestsenter.
5. Fylkestinget ber fylkesutvalet organisere eit arbeid med gjennomgang av fylkeskommunen sin eigarstrategi for handsaming i fylkestinget i april 2014.

Bakgrunnen for vedtakspunkt 5, som vart fremja i fylkestinget, vart i tilhøyrande debatt kommentert slik:

- Problemstillinga er om inndelinga i dei to gruppene 4 a: «*Vidareføre eigarskapen*» og 4b: «*Vidareføre eigarskapen inntil vidare*» er tenleg og om det eventuelt er mogeleg å finne gode prinsipp for ei slik to-deling (Per Kjøllesdal).
- Grunngevinga for at fylkeskommunen er blitt eigar opp gjennom tidene, er fleire. Blant anna har eit føremål med eigarskapen vore å sikre god infrastruktur i fylket. I dei seinare åra har grunnlaget for den fylkeskommunale eigarskapen i stor grad endra seg. Til dømes kan ein spørje om framleis eigarskap i Firda Billag AS er tufta på dei same føremåla i dag som den gongen ein gjekk inn som eigar. Arbeiderpartiet ynskjer ein grundigare gjennomgang av nokre av selskapa. Det er også ynskjeleg med ei meir offensiv formulering for arbeidsmarknadsbedriftene (Nils P. Støyva).

Fylkeskommunen sin eigarstrategi

I dag er det relativt konkrete prinsipp som ligg til grunn for vurderingane om fylkeskommunalt eigarskap skal vidareførast eller avviklast. Det sikrar systematisk og heilskapleg gjennomgang av selskapsporteføljen. Jf. pkt. 1.2 i Eigarmeldinga:

«*Fylkeskommunen sine føremål med eigarskapen i selskapa i dag er sett saman av eitt eller fleire punkt:*

- *Sikre at investert kapital oppnår høgast mogeleg avkastning over tid, dvs. forretningsmessige mål.*
- *Sikre at inntekter av naturressursane i fylket kjem innbyggerane i fylket til gode.*
- *Behalde og vidareutvikle arbeidsplassar; spesielt kompetansearbeidsplassar/ FoU-miljø i fylket.*
- *Vere ein viktig bidragsytar ved nyetableringar som ikkje vil kome opp og gå utan fylkeskommunalt medeigarskap.*
- *Sikre god infrastruktur i fylket (straum, vegar, kollektivtrafikk, FoU-miljø).*
- *Sikre gode fellesskapsløysingar innan einskilde område som t.d. kultur og revisjon.»*

Vi kan i tillegg syne til fylgjande i kap. 1.5 «Vurderingar ved avvikling av engasjement»:

«*I eigarmeldinga del II vert det vurdert om enkeltengasjement i selskap bør avviklast. Fylkeskommunen bør vurdere å gå ut t.d. dersom:*

- *Dei opphavlege føresetnadane ikkje lenger er til stades. Jo færre av kriteriana i punktet 1.2 som framleis vert oppfylt, desto sterkare kan det tale for avvikling av eigarskapen.*
- *Dersom eit tiltak har utvikla seg så positivt at det er "sjølvgåande" utan fylkeskommunalt eigarskap, slik at andre med fordel kan overta eigarskap og ansvar. Frigjort kapital kan då nyttast til anna investering.*
- *Når kriseramma selskap ikkje lenger har ei framtid.*
- *Dersom selskapet opptrer i strid med selskapets føremål og eller opptrer på ein måte som ikkje er i samsvar med fylkeskommunen sine verdiar.»*

I eigarmeldinga punkt 1.3 «Kriterium for å gå inn – og bli sitjande – som eigar i og opprettar av stiftingar, er rutinen:

«*Ved den årlege oppdateringa av eigarmeldinga vert det vurdert om enkeltengasjement bør avviklast. Vurderinga skal skje i nært samarbeid med dei partane det gjeld»*

Praksis fram til i dag har vore at fylkestinget i sitt vedtak skil mellom selskap der eigarskapen skal «vidareførast» og selskap der eigarskapen skal «vidareførast inntil vidare».

Kort om staten si eigarmelding

I presentasjonen av selskapa med statleg eigarskap i, nyttar regjeringa tre hovudkategoriar:

- Selskap der eit av hovudmåla er forretningsmessig drift
 - Selskap med forretningsmessige mål
 - Selskap med forretningsmessige mål og nasjonal forankring av norsk hovudkontor.
 - Selskap med forretningsmessige mål og andre spesifikt definerte mål
- Selskap med sektorpolitiske mål
- Regionale helseføretak

Grunngevinga for statleg eigarskap har endra seg gjennom tidene. Eigarskapet har som ei følge av dette også «flytta seg». I den årlege selskapsoversikta skil regjeringa ikkje mellom selskap der regjeringa vurderer å avvikle sin eigarposisjon og selskap der regjeringa vurderer å vidareføre eigarskapen. I staden for vert avgjerder regjeringa gjer som eigar, her også avgjerder om avvikling av eigarskap eller nytt eigarskap, fortløpande meld til stortinget.

Fylkeskommunen si todeling

Det er ikkje avgjerande grunner som talar for å halde fram med praksisen der fylkestinget vedtek todelinga slik den er i dag. Ei slik todeling kan vere hensiktsmessig dersom vi gjer skiljet mellom kategoriane større enn det er i dag. I dag medfører selskapet si plassering i realiteten ikkje nokon stor forskjell. Dette ut frå korleis kategoriane er formulert og inndelinga har vore praktisert. Til dømes har selskap blitt plassert under kategorien «vidareføre eigarskapen inntil vidare» utan at det har generert ei aktiv eigarvurdering i etterkant som har ført fram til ei avgjerd om vidareføring eller avvikling av eigarskapen.

Dersom fylkestinget skal halde fram med ei todeling bør den ta sikte på å sikre eit meir aktivt eigarskap. Dette kan ein gjere ved å endre kategoriane selskapa vert delt inn i, vurderingskriteria som skal ligge til grunn for kva kategori eit selskap skal plasserast i og stille krav til korleis fylkeskommunen skal gripe fatt i selskap som vert plassert i kategori der eigarskap skal vurderast.

Eit aktivt eigarskap kan vel så gjerne formulerast som konkrete eigarsignal der eit selskap sin situasjon tilseier det. Slike eigarsignal kan formulerast som direkte krav til selskapet. Fylkestinget har mellom anna gjort dette i vedtaket om Eigarmelding 2013, sjå punkt 3 a og b. Dette kan vere eit alternativ til todelinga slik den er i dag.

Prosessen vidare

Fylkesutvalet må avgjere korleis fylkesrådmannen eventuelt skal arbeide vidare med saka, jf. pkt. 5 i vedtaket over.